

Søknad om Idrettsfunksjonell godkjenning .

Gjeld lagerbygg i tilknyting til Radøyhallen.

1. Lagerbygget har lenge stått på Radøyhallen si ynskjeliste og har no kome inn som politisk bestilling .

Radøyhallen

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg med idrettshall, 25-metersbasseng, terapibasseng og innandørs skytebane. Det er også solarium i Radøyhallen, og i tilknyting til hallen ligg Ungdomens hus. Radøyhallen ligg på Manger, like ved Radøy ungdomsskule.

Radøyhallen vart offisielt opna 1. januar 1988 og har sidan ytt eit breitt sørvistilbod til publikum og lag og organisasjoner i og utanfor kommunen. Idrettshallen vert nytta flittig av lag og organisasjoner, og i tillegg til spesielle arrangement slik som dansegallaer, stemne, utstillingar og liknande.

Idrettshallen er 22 meter brei og 44 meter lang, og har ein tribune med sitjepllassar for 350 menneske.

2. Behov.

Behovet for meir lagerplass er aukande. Dette fordi Radøyhallen har fått fleire og nye brukarar. Nye aktivitetar kjem også til og med det nytt ustyr. Skal potensialet for hallen kunne nyttast fullt ut er det behov for meir lagerplass.

3. Tiltaket

Nytt lagerbygg er tenkt og planlagt som tilbygg med direkte inngang til sjølve hallen. Lageret vil få ei grunnflate på om lag på omlag 47 m² på eitt plan. Det er gjeve byggjeløyve for heile tiltaket.

Estetikk: Lagerbygget vil få fin plassering på baksida av hallen. Det vil ikkje verta nye terrenginngrep då arealet allereie er spreng ut og planert. (vart gjor då hallen vart bygd).

Universell utforming.

Tiltaket er prosjektert og planlagt i eitt plan for primært å kunna nyttast som avlastningsplass for plasskrevjande og tungt utstyr. Tiltaket skal plasserast i direkte tilknyting til eksisterande aktivitetshall. Dører vert utan terskel og gulvet vil få same kotehøgde som gulvet i aktivitetshallen. Av tryggleiksgrunnar vil det ikkje vera praktisk mogleg å overlata arbeidet med flytting av utstyr inn og ut av lageret til rullestolbrukarar og synshemma. Lageret er difor ikkje særskild tilrettelagt for desse gruppene, men tilkomsten vil vera universelt tilpassa.

4 Investering og drift.

Det er kommunal løying til oppføring av tiltaket i årets investeringsbudsjett. Drift og vedlikehald vert eit kommunalt ansvar.

Kostnadsoverslag:

| | |
|-----------------------------------|---------------------------|
| Tømmerarb: | kr 298 125,- |
| El – installasjon (stipulrt) | kr 45000,- |
| Ringmur/gulv | kr 25000,- |
| <u>Adminkost, uforutsett etc.</u> | <u>kr 35000,-</u> |
| <u>Sum kostnadar</u> | <u>KR 403125,-</u> |

Finansiering: Kommunen forskoterer alle kostnader sjølv.

Vedlegg.

Teikningar og pristilbod.

Manger 01.08.16

Leiar teknisk drift

Einar færø